

# STRANDA KOMMUNE

*-tíl á vere stolt av*



## ÅRSBERETNING 2020

## Innhald

<b>Årsberetning .....</b>	<b>4</b>
<b>Rådmannen .....</b>	<b>5</b>
<b>Klimasatsinga i kommunen - verdsarvområdet .....</b>	<b>8</b>
<i>Arbeid med Energi- og klimaplan.....</i>	8
<i>Berekraftfylke Møre og Romsdal (U4SSC) .....</i>	8
<i>KLIMASATS.....</i>	8
<i>Twin Fjord .....</i>	8
<i>Hydrogen-prosjektet.....</i>	8
<i>Konsolidert rekneskap 2020 – drift.....</i>	9
<i>Konsolidert rekneskap 2020 – investering .....</i>	10
<b>Økonomisk utvikling og stilling over tid .....</b>	<b>11</b>
<i>Finansielle måltal.....</i>	11
1. Måltal for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 1,75%.....	11
2. Måltal for disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 10 %.....	12
3. Måltal for netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter – maksimum 100%.....	12
<i>Økonomisk stilling- og handleevne over tid.....</i>	13
<b>Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap –2020 .....</b>	<b>15</b>
<i>Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – økonomisk oversikt drift 2020 .....</i>	15
Ad 1, Rammetilskotet:.....	16
Ad 2 Inntekts og formuesskatt .....	17
Ad 5 Andre overføringar og tilskot frå staten.....	17
Ad 6 Overføringar og tilskot frå andre .....	17
Ad 7 Brukarbetalingar .....	17
Ad 10 og 11 Lønn- og sosiale utgifter .....	17
Ad 12 Kjøp av varer og tenester .....	17
Ad 13 Overføringar og tilskot frå andre .....	17
Ad 14 avskrivningar/23 Motpost avskrivningar.....	17
Ad postane 17 -22, finanspostar .....	18
Ad 23 netto driftsresultat.....	18
Ad 26 netto avsetning til bundne fond.....	19
Ad 27 Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond.....	19
Ad 28 Bruk av tidlegare års mindreforbruk .....	19
Ad 29 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat .....	20
Ad 30 Framført til inndekning seinare år.....	20
<i>Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – netto rammer einingane - drift 2020 .....</i>	21
Forklaring på avvika mellom rekneskap og budsjett – drift – på einingsnivå.....	22
<i>Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – investeringsprosjekt 2020.....</i>	28

Investeringsprosjekt - avvik.....	29
Investeringsrekneskapen – avvik – på prosjektnivå .....	30
Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – bevilgningsoversikt investering – 2020.....	32
<i>Oppsummering investering – og ubrukne lånemidlar - kommunen .....</i>	<i>33</i>
<i>Oppsummering investering – og ubrukne lånemidlar – Stranda Hamnevesen KF .....</i>	<i>33</i>
<b>Folkehelsearbeidet.....</b>	<b>34</b>
Folkehelseoversikt.....	34
Ungdata .....	34
Rusmiddelpolitisk handlingsplan .....	34
Sykkelprosjekt .....	34
Diverse anna.....	34
<b>Internkontroll og høg etisk standard .....</b>	<b>35</b>
Høg etisk standard.....	35
Internkontroll .....	35
<b>Likestilling og diskriminering.....</b>	<b>36</b>
<b>Sjukefråvær.....</b>	<b>38</b>
<b>Politisk styring.....</b>	<b>39</b>

## Årsberetning

Kommunen er pliktig til å utarbeide årsberetning for kommunen si samla verksemd. Med samla verksemd vert det meint alle føretak og samarbeid som inngår i Stranda kommune som juridisk eining. Det vil seie Stranda kommune (kommunekassa) og Stranda Hamnevesen KF.

Dette er derfor ei årsberetning som dekke Stranda kommune si verksemd og i tillegg skal inkludere vesentlege forhold i det kommunale føretaket.

## Rådmannen

Stranda kommune sitt rekneskap for 2020 er levert med eit økonomisk resultat som for fyrste gong på fleire år går i balanse utan å vise til millionbeløp i overskot. Det har også vore fyrste heile driftsår sidan kommunen kom ut av ROBEK (Register for betinga godkjenning og kontroll). I mars 2020 vart verda, landet og kommunen råk av ein epidemi som framleis pregar samfunnet i stor grad.

Konsekvensar av innføring av nasjonale, regionale og lokale tiltak har sett sitt preg på folket, næringslivet og drift av kommunen. Næringslivet vart hardt råka med permitteringar, oppseiingar og nedstenging av verksemder. Kommunen har gjennomført fleire endringar og dei tilsette har vore svært fleksible og endringsvillige for å løyse alle pålegg og anbefalingar som følgje av pålagte smitteverntiltak. Pandemien/Covid19 har også påverka kommuneøkonomien med redusert og/eller bortfall av utbytte, redusert skatteinngang og auka kostnader knytt til Covid19. Stranda kommune har fått kompensert størsteparten av utgiftene gjennom tilskot frå staten, men det vil framleis vere usikkert kva økonomiske konsekvensar pandemien vil få for kommuneøkonomien framover.

Arbeidet med å organisere, administrere og styre Stranda kommune ut av ROBEK, har prega heile kommunen dei siste åra. «**Forpliktande plan**» har stått sentralt i dette arbeidet. Planen skal syne korleis kommunen kan gjenvinne økonomisk kontroll. Når Stranda kommune no er meldt ut av ROBEK, er det særst viktig å gjenta og minne om dei berande prinsippa i «forpliktande plan». Desse er formulert som fire kortsiktige og fire langsiktige mål for økonomiforvaltninga i Stranda kommune:

Mål på **kort sikt** for økonomiforvaltninga i Stranda kommune:

1. Balansering av utgifter og inntekter i budsjettet.
2. System for månadleg økonomirapportering.
3. Låneopptak lågare enn årlege avdrag.
4. Utnytte potensielle nye kjelder til inntekt.

Mål på **lang sikt** for økonomiforvaltninga i Stranda kommune:

1. Netto driftsresultat på 1,75% per år.
2. Stabilisering av kommunen si lånegjeld.
3. Oppbygging av disposisjonsfond.

Målsetjingane skal vere grunnpilarar som Stranda kommune **bør halde fast ved**. Dei må vere retningsgjevande i framtida for å sikre ein berekraftig kommuneøkonomi og ein forsvarleg forvaltning av kommunen sine ressursar.

Endring krev godt leiarskap og styring. Gjennom samarbeid og god dialog har kommunen sine tilsette saman med dei folkevalde teke ansvar i denne perioden.

Rådmannen vil takke leiargruppa, einingsleiarar og kvar einskild tilsett som har bidrege og utvist førebiletleg lojalitet mot vedtekne budsjett. Dette har kravd handlingsreglar, kunnskap og innsikt for å få eigarskap og oppslutning om dei ulike tiltaka som har vore sett i verk. Denne jobben har vore gjort samstundes med at ein har klart å halde kvaliteten på dei kommunale tenestene på eit høgt nivå. Dette står det respekt av. Rådmannen vil også takke kommunen sine politikarar som har utøvd god økonomistyring i bruken av kommunen sine avgrensa økonomiske ressursar. Det har vore mange diskusjonar om ulike retningsval, likevel har ein sameinast om vedtak i ein vanskeleg periode.

Stranda kommune hadde i 2020 eit netto driftsresultat på om lag -0,7 millionar.

Veksten innanfor den delen av pleie og omsorg som gjelde ressurskrevjande brukarar og personleg assistanse har vore stor. I tillegg har det vore kraftig vekst i bruken av ressursar på elevar med særskilde utfordringar i skulen. Ein vekst i ressursbruken på dette nivået vil ikkje vere berekraftig på sikt, noko som stiller både kommuneleiinga og politikarane ovanfor store utfordringar med å tilpasse bruk av tilgjengelege ressursar opp mot auka krav.

Det er eit paradoks at det økonomiske **handlingsrommet** i Stranda kommune er i ferd med å lukke seg samstundes som kommunen er ut av ROBEK. Budsjettprosessen hausten 2020 var krevjande og førte til at enkelte einingar fekk redusert sin budsjetttramme. Konsekvensen var å redusere fleire tiltak og ikkje gjennomføre nye tiltenkte tiltak. Kommunen har fått tildelt fleire nye lovpålagte tiltak som til dømes psykolog, ergoterapeut og fulle effekt av pedagog- og bemanningsnorm i barnehagesektoren.

Stranda kommune sitt omdømme og renomè fekk svært god hjelp både av innspeling av 4 program i TV serien 71 grader Nord og filminnspeling av Mission Possible med Tom Cruise som attraksjon hausten 2020. Filmcruet hadde sin base på Hellesylt i fleire veker.

På **investeringssida** har det vore mange positive hendingar. Fursetkrysset vart høgtidleg opna 23. oktober. Dette har vore eit prosjekt som har pågått i mange år. Elles har 2020 hatt fokus på vedlikehald av både bygningar, vassledningar og vegar. Dette har vore naudsynt grunna stort etterslep.

Det vore arbeid mykje over lang tid for å få godkjent reguleringsplan Geiranger sentrum. Det var stor glede i kommunen når vi mottok Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt godkjeningsvedtak av 01.07.20. Vedtaket opnar for vidare arbeid med parkeringshall i Geiranger, noko som er avgjerande og viktig for å betre trafikksituasjonen i sentrum av Geiranger.

«Det store bildet» var eit prosjekt for å kartlegging handlingsrommet for utvikling av reiselivet i Stranda Kommune, denne sluttrapporten var lagt fram for formannskapet juni 2020 med anbefalingar for å imøtekomme dei utfordringane og forplikingar som følger av forvaltning av Verdsarvstatus i eit unikt internasjonalt fjordlandskap, og samtidig utvikle livskraftige bygdesamfunn og et voksende reiseliv i kommunen og regionen.

Stranda kommune begynte i 2018 arbeidet med det såkalla **RO-prosjektet**. Rapporten var oppe til politisk handsaming hausten 2020 og med tiltak som vil krevje omstilling og endring av dagens driftsnivå i åra som kjem. Hovudmålet med prosjektet var å kartlegge noverande status og framtidige behov innanfor pleie og omsorg i Stranda kommune. Siktemålet er å kome fram til ei berekraftig dimensjonering av strukturane innanfor pleie og omsorg i eit langsiktig perspektiv, og som syter for at kommunen kan levere dei tenestene som innbyggjarane har rett og krav på, dette må sjåast i lys av ein sunn utvikling av kommuneøkonomien. Det har vore ei brei og god involvering av både kommunen sine tilsette og politisk nivå.

I 2018 starta ein opp utarbeidinga av ny **Kommuneplan**. Samfunnsdelen for Stranda kommune vart vedteke av kommunestyret i februar 2019. Kommuneplanen sin samfunnsdel er sjølv grunnlaget i det kommunale planarbeidet, og det viktigast styringsverktøyet for både administrasjon og politikarar. I 2020 har ein arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Dette arbeidet har vore leia av Ose ingeniørkontor. Dette arbeidet har ført til stort engasjement i alle bygdelag, og godt samarbeid mellom administrasjon, næringsliv og politikk.

**Næringslivet** i Stranda gjennomfører investeringar i ulike storleikar kvart år. Det at næringslivet har vilje og evne til å investere, gir innbyggjarane våre tru om ei framtid i kommunen. Talet på

arbeidsplassar vert oppretthalde, eller auka, noko som legg grunnlaget for ei positiv utvikling i folketalet. Dette gjer at skatteinntektene til Stranda kommune aukar gjevnt for kvart år. Ein har all grunn til å takke eit særdeles oppegående og aktivt næringsliv.

### **Berekraftfylket Møre og Romsdal 2025**

Stranda har forplikta seg til å bidra til berekraftfylket Møre og Romsdal 2025. Det er ei klar forventning at kommunane skal spele ei nøkkelrolle i styring av utviklinga i ei berekraftig retning. FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringene innan 2030.

Det er med tru på framtida at årsmeldinga for Stranda kommune 2020 med dette vert lagt fram for politisk handsaming.

Stranda 08.04.2021

Åse Elin Hole

Rådmann

## Klimasatsinga i kommunen - verdsarvområdet

*Det er stort fokus på klimaarbeidet i Stranda kommune. Informasjon om kva det har vore arbeid med kjem nedanfor:*

### Arbeid med Energi- og klimaplan

1. Ferdig utarbeidd Temanotat for klima og energi (systematisering av grunnlagsdata)
2. Oppnemnt arbeidsgruppe (STHA KF, SGVA, Ungdomsråd, Repr. for næringslivet (4), Politisk repr., Barna sin repr., Stranda Energi)
3. Gjennomført to møte i arbeidsgruppa
4. Utarbeidd disposisjon for Energi og klimaplan i samråd med Sunnmøre Regionråd (SR)
5. Gjennomført digital spørjeundersøking blant innbyggjarane i kommunen og utarbeidd rapport i samarbeid med SR

### Berekraftfylke Møre og Romsdal (U4SSC)

1. Delteke i samarbeidsforumet for MRFK
2. Laga ferdig og fått godkjent datasett (KPI'ar) for Stranda kommune

### KLIMASATS

1. Berekraftige transportløysingar i verdsarvkomunen – Gjennomført studien Det store bildet inkl. blå korridor i regi av ÅKP
2. Sunnmørs-kommunane sitt klima- og energinettverk – Delteke aktivt i dette interkommunale samarbeidet
3. Kompetansehevande tiltak for miljøvennlege innkjøp – Søkt (og fått) midlar på vegner av andre Sunnmørs-kommunar i samarbeid med SR og Innkjøps-samarbeidet i Ålesund k.

### Twin Fjord

1. Representert Stranda kommune i arbeidsgruppa

### Hydrogen-prosjektet

1. Ordførar og næringssjef har representert Stranda kommune i arbeidsgruppa til Norwegian Hydrogen

*Det vert jobba mot å ha eit klimabudsjett for Stranda kommune, der tiltaka vert innarbeidd i årsbudsjett og økonomiplan for 2022 – 2025.*



## Konsolidert rekneskap 2020 – drift

§14 a) i kommunelova seier at ein i årsmeldinga skal gjere greie for tilhøve som er viktige for å vurdere kommunen sin økonomiske situasjon.

Konsolidert driftsrekneskap viser samla driftsinntekter på kr 445,7 mill kroner. Det er ikkje vedtatt konsolidert budsjett, og det skal heller ikkje inngå i obligatorisk oppstilling, men egne berekningar viser at inntektene vart 46,2 mill større enn forventa. Covid-19 pandemien medførte store endringar i nokre av utgiftspostane – og det var også usikkerheit knytt til inntektspostar. Det var derfor svært vanskeleg, om ikkje umogeleg å fastslå netto driftsresultat presist for 2020.

Ekstraløyvingar som vart utbetalt over rammetilskotet utgjorde 8 mill kroner. I tillegg vart det utbetalt øyremarka midlar med kr 3,8 mill. Inntekt frå Havbruksfondet utgjorde 5,8 mill kroner.

Driftsutgiftene i det konsoliderte rekneskapen vart på kr 447,2 mill kroner. Dette er 58,9 høgare enn budsjettet for summen av Stranda kommune og det kommunale føretaket. Ca 0,8 mill kroner av avviket kjem frå det kommunale føretaket. Hovudtyngda av avviket gjeld mangelfull budsjettering. På lønnsutgiftene er det brukt 3,9 mill meir enn budsjettert. På sosiale utgifter er det brukt 5,6 mill kroner meir enn budsjettert.

Avskrivningane er med i driftsutgiftene og brutto driftsresultat, men motpost avskrivningar kjem inn før netto driftsresultat.

Det er ikkje budsjettert med avskrivningar eller motpost avskrivningar i kommunen, slik at heile beløpet som gjeld avskrivningar/motpost avskrivningar 25,5 mill kroner kjem som avvik. Det er budsjettert med avskrivningar og motpost avskrivningar i det kommunale føretaket. Avviket i det kommunale foretaket mellom rekneskap og budsjett når det gjeld avskrivningane og motpost avskrivningar er minimale.

Vidare er det 10,9 mill kroner i negativ budsjettavvik når det gjeld kjøp av varer og tenester. Det er også brukt 13,0 mill meir enn budsjettert på overføringar og tilskot til andre.

Konsolidert rekneskap viser eit brutto driftsresultat på -1,5 mill. Dette tilsvara -0,3% av sum driftsinntekter.

Finansområdet vart også påverka av covid-19 pandemien. Den medførte at børsane i verda fekk eit brått og betydeleg kursfall i mars 2020. For å motvirke dei negative effektane som pandemien fekk på økonomien, vart rentene redusert både nasjonalt og globalt. Renteinntektene og renteutgiftene vart begge lågare enn det som var budsjettert.

Renteinntektene var om lag 0,8 mill kroner lågare enn budsjettert og renteutgiftene 5,6 mill kroner lågare enn budsjettert.

Dette medførte at netto driftsresultat vart -8,0 mill kroner i det konsoliderte rekneskapen. Dette utgjer -1,8% av sum driftsinntekter og må isolert sett vurderast som for dårleg. Korrigert netto driftsresultat kjem i neste avsnitt.

Disponering av netto driftsresultat i 2020 viser at 9,9 mill kroner av netto driftsresultat (kjem frå netto inntekt frå sjølvkostområdet) som er bundne midlar mottatt i 2020, som skal setjast av til bundne fond. Det er derfor vanlig å korrigere netto driftsresultat for *netto avsetning* til bunde fond. Netto avsetning til bundne fond/bruk av bundne fond var kroner 2 802 197. Etter denne korrigeringa

sitter vi igjen med eit korrigert netto driftsresultat på (-8 041 079 -2 802 197= -10 843 276) som utgjer -2,4%.

## Konsolidert rekneskap 2020 – investering

Konsolidert investeringsrekneskap viser sum investeringsutgifter på 60,8 mill kroner. Dette var 55,0 mill lågare enn føresett i samla budsjett. Årsaka er i hovudsak manglande omattbudsjettering i løpet av året, på grunn av vakanse. I ein normal-situasjon er det også vanleg at investeringsbudsjettet er høgare enn det reell framdrift viser.

Konsolidert investeringsrekeskap viser sum investeringsinntekter på 60,1 mill kroner. Dette var 52,5 mill lågare enn føresett i samla budsjett. Årsaken til avviket er i hovudsak manglande ombudsjettering i løpet av året.

Vidare var det budsjettert med 1 mill kroner til startlån frå Husbanken, vidareutlån , medan dei reelle utlåna var på 10,5 mill kroner. Bruk av lån til vidareutlån var budsjettert med «0» kroner og bruk av lån til vidareutlån var kr 10,5 mill.

## Økonomisk utvikling og stilling over tid

Det er eit grunnleggande, lovfesta krav at kommuner skal ivareta den økonomiske handleevna over tid. Vidare er kommunestyret pålagt å vedta finansielle måltal som skal fungere som eigne handlingsreglar i budsjett og økonomistyring i kommunen. Det er vedtatt tre finansielle måltal for Stranda kommune, som vert kommentert i det følgjande.

### Finansielle måltal

*Finansielle måltal gjelder nøkkeltal for økonomistyring.*

Dei finansielle måltala skal sikre at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Dei skal, saman med realistiske planar, vere eit verktøy som sikrar ei langsiktig og planmessige styring og utvikling av kommunen sine tenester og økonomi. Stranda kommunestyre vedtok tre finansielle måltal:

#### **KOM- 104/19 Samrøystes vedtak:**

Stranda kommune vedtek følgjande finansielle måltal, med tilhøyrande nivå, som førande for økonomiforvaltninga i kommunen:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 1,75%.
2. Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 10 %.
3. Netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter – maksimum 100%.

Dei finansielle måltala er ikkje absolutte tal som må oppfyllest kvart einskild rekneskapsår, men mål som kommunen skal arbeide fram mot i den løpande økonomiforvaltninga.

1. Måltal for netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 1,75%. Netto driftsresultat syner kva kommunen har igjen av løypande inntekter etter at løypande utgifter er trekt ifrå. I tillegg til inntekter og utgifter til den ordinære drifta er også finansinntekter og finansutgifter og avdrag på lån tekne med. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller setjast av til seinare bruk, og gir ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) rår til at netto driftsresultat over tid bør liggje på minimum 1,75% for at vi skal ha ei sunn utvikling i kommuneøkonomien.

For Stranda kommune åleine er situasjonen slik:

1. Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Måltal	2019	2020
Netto driftsresultat i kroner		200 130	-665 711
Brutto driftsinntekter		431 170 612	445 321 057
Netto driftsresultat i %	Minst 1,75	0,05	-0,15

Netto driftsresultat i **den konsoliderte rekneskapen** for 2020 viser **-8,0 mill.** I prosent av sum driftsinntekter utgjør dette **-1,8%**.

Med bakgrunn i at Stranda Hamnevesen KF åleine hadde eit netto driftsresultat på **-7,4 mill** kroner, er det viktig å få snudd drifta i det kommunale føretaket snarast råd. Geiranger hamn har tidlegare stått for størsteparten av inntekta, frå cruise-næringa. No ligg cruise-næringa med broten rygg. Det er viktig å få cruise-næringa på fote igjen – og at restriksjonane for Geiranger hamn blir mest mogleg lempa i ei overgangsfase - til cruise-næringa har tilpassa seg dei nye rammevilkåra og infrastrukturen er på plass.

Stranda Hamnevesen KF driv hamnevesen, det vil seie næringsverksemd. Drifta til hamnevesen er ikkje inkludert i Stranda kommune sine rammetilskot eller skjønnsmidlar – og dersom kommunen må dekkje opp kostnader for verksemda, vil det gå ut over kommunen sine tenester.

Første steget mot å nå målalet er å snu utviklinga, slik at det i det konsoliderte rekneskapen vert eit positivt netto driftsresultat. Her har Stranda Hamnevesen FK ei sentral rolle.

## 2. Måltal for disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter – minimum 10 %.

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- og/eller investeringsutgifter.

For Stranda kommune åleine er situasjonen slik:

<b>2. Disposisjonsfond i % av driftsinntekter</b>	<b>Måltal</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>
Disposisjonsfond		8 965 414	8 291 162
Brutto driftsinntekter		431 170 612	445 321 057
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Minst 10	2,08	1,86

For 2020 viser **den konsoliderte rekneskapen** eit samla disposisjonsfond på kr 38,5 mill kroner, som er ei auke frå kr 37,0 mill kroner i 2019. I % utgjorde disposisjonsfondet **8,6%**.

Auka på disposisjonsfondet skyldes at Stranda Hamnevesen KF auka disposisjonsfondet frå 28,1 mill i 2019 til 30,2 mill i 2020.

Det er positivt at det konsoliderte rekneskapen viser eit så godt resultat som 8,6%. Det er Stranda Hamnevesen KF som «dreg lasset» her, med 30 mill kroner i disposisjonsfond åleine.

Noko av bakgrunnen for Stranda Hamnevesen KF sitt disposisjonsfondet er overskot for 2018 på nok 9.682.423,- som vart overført til disposisjonsfond. I følge vedtak i styret og i kommunestyret så skulle heile overskotet nyttast til innbetaling av ekstraordinære avdrag på lånegjeld. Det vart i 2019 innbetalt eit ekstra avdrag på nok 3 000 000,- . I 2020 var det ikkje betalt inn ekstraordinære avdrag.

I den marknadsmessige og økonomiske situasjonen som Stranda Hamnevesen KF er i, vil disposisjonsfondet reduserast framover dersom det ikkje vert satt i verk ytterlegare tiltak. Det er viktig at alle driftsutgiftene i verksemda vert halde på eit minimumsnivå til marknaden har tilpassa seg dei nye rammevilkåra.

## 3. Måltal for netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter – maksimum 100%.

Netto renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter gir uttrykk for i kor stor grad kommunen er eksponert mot endringar i rentenivået. Endringar i rentenivået har direkte innverknad

på kva nivå kommunen kan liggje på når det gjeld produksjon av tenester til innbyggjarane finansiert av kommunekassa. Kommuner med høg lånegjeld får bunde opp ein større del av sine årlege driftsinntekter i renter og avdrag. Vidare vil kommuner med høg gjeldsgrad vere utsette for høgare renterisiko, og bør derfor gjere vurderingar i forhold til å binde delar av lånerenta.

Det konsoliderte rekneskapen viser sum langsiktige lån på kr 750,6 mill kroner. Utlån til andre (Startlån) utgjer 20,9 mill kroner. Lån til ideelle organisasjonar utgjer kr 1,0 mill, lån til sjølvkostområda utgjer 158,4 mill kroner. Renteeksponert lånegjeld vert dermed **kr 570,3 mill kroner**.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter utgjer **128,8%**.

**1%** auke i rentenivået, vil auke konsolidert rekneskap med **5,74 mill kroner**. I dei komande åra er det meir sannsynleg at lånerenta stig enn at den vert redusert.

For Stranda kommune åleine er situasjonen slik:

Netto lånegjeld	Formål	2019	2020
Sum langsiktig gjeld inkl. sertifikatlån	Alle	682 234 505	689 483 780
Startlån/utlån		11 898 836	20 864 901
Lån til ideelle organisasjonar		-	1 000 000
Lån til VAR-området		153 758 276	158 373 797
Andel lånegjeld til sjølvkostområda		24	26
Netto lånegjeld		516 577 393	509 245 082

3. Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Måltal	2019	2020
Brutto driftsinntekter		431 170 612	445 321 057
Netto lånegjeld i kroner		516 577 393	509 245 082
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maksimum 100	120	114

## Økonomisk stilling- og handleevne over tid

For å ha økonomiske handleevne over tid er det viktigast å ha god likviditet. Dårleg likviditet vil gå ut over alt kommunen ønsker å gjere – det vil gå ut over handleevna og tenestetilbodet.

Situasjonen pr 31.12.2020 var at kommunen hadde tatt opp likviditetslån på 30,0 mill kroner, for å dekkje store likviditetsmessige svingingar. Det er viktig å snu i tide – seinast når budsjettet for 2022 skal leggest.

Dei økonomiske måltala må brukast for å gjenvinne likviditeten og den økonomiske handleevna. For Stranda kommune sin del bør ein ta mål av seg å auke likviditeten med minst 30,0 mill kroner slik at kommunen slepp å gjere seg bruk av likviditetslån. I praksis vil det seie at disposisjonsfondet må aukast med anslagsvis minimum 30,0 mill kroner. Dette er ikkje gjort på eit eller 2 år. Målet om kor fort det skal skje, må vere utsett for politisk behandling i dei komande budsjettprosessane.

Kva er så årsaka til for dårleg likviditet – og handleevne? Svaret er enkelt, Stranda kommune har for høg lånegjeld, samanlikna med andre kommunar. Dermed har kommunen hatt – og vil fortsatt ha forholdsvis utgifter til renter og avdrag sett i forhold til innbyggartalet, utgifter som vert belasta drifta.

Dei eksterne finansutgiftene skal betalast før utgifter til interne utgifter som lønn, kjøp av varer og tenester med vidare. Dermed vil utgifter til lønn- og andre driftsutgifter vere lågare i Stranda kommune enn andre kommunar med tilsvarande innbyggartal.

Korleis kan ein tilpasse driftsnivået i ein så vanskeleg situasjon? Alle har vel høyrd uttalen «alle steinar må snuast»? Det har vore gjort før? Det kan vere, men no må vi sjå på tenestene frå ein ny og annan vinkel, med bakgrunn i dei reformene som gir kommunen føringar i form av nye rammevilkår.

I samband med innføring av nye reformer bør det vurderast om det er hensiktsmessig å gjennomføre risiko- og sårbarheits analyser (ROS-analyser).

Uansett reform, er det viktig å hjelpe innbyggerane i rett tid, med rett type og mengde teneste, på ein hensiktsmessig og økonomisk effektiv måte.

## Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap –2020

Ifølgje den omtalte Kommunal Rekneskapsstandard nr. 6 skal det i årsmeldinga bli gjort greie for vesentlege avvik mellom regnskapsført beløp og regulert budsjett for de enkelte linjene i regnskapsskjema 1A og B og 2A og B». Standarden seier vidare at årsakene til budsjettavviket har skal forklarast.

Det er noko uklart kva som definerer eit vesentleg avvik. Rådmannen har valt å sette grensa for eit vesentleg avvik på 3% av justert budsjett. Det betyr at berre avvik som er høgare enn 3% vil verte analysert.

Nedanfor er rekneskapsskjemaene gjengitt saman med ei utreiing av avvika der desse overstig **3% av justert budsjett eller der beløpet er vesentleg. Tabellane kjem først og så forklaring på den enkelte linjen i rekneskapsskjemaet.**

## Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – økonomisk oversikt drift 2020

Økonomisk oversikt - drift	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Avvik i kroner	Regnskap i fjor	Endring 2020-2019
<b>Driftsinntekter</b>						
1 Rammetilskudd	155 738 087	154 492 000	154 492 000	1 246 087	151 843 527	3 894 560
2 Inntekts- og formuesskatt	129 631 344	130 093 000	130 093 000	-461 656	128 492 481	1 138 863
3 Eiendomsskatt	15 413 194	15 350 000	15 350 000	63 194	15 445 655	-32 462
4 Andre skatteinntekter	192 660	181 208	181 208	11 452	192 660	-
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	14 831 817	7 753 563	7 753 563	7 078 254	12 920 480	1 911 338
6 Overføringer og tilskudd fra andre	57 489 479	22 048 492	21 918 492	35 440 987	51 318 294	6 171 185
7 Brukerbetalingar	23 980 716	21 388 755	21 388 755	2 591 961	23 350 969	629 746
8 Salgs- og leieinntekter	48 043 761	47 774 488	47 774 488	269 273	47 606 546	437 214
9 Sum driftsinntekter	445 321 057	399 081 506	398 951 506	46 239 551	431 170 612	14 150 445
<b>Driftsutgifter</b>						
10 Lønnsutgifter	239 368 429	235 736 836	235 586 836	3 631 593	233 032 984	6 335 445
11 Sosiale utgifter	50 000 157	44 416 268	44 416 268	5 583 889	52 924 779	-2 924 623
12 Kjøp av varer og tjenester	98 249 192	87 754 072	87 774 072	10 495 120	89 999 516	8 249 676
13 Overføringer og tilskudd til andre	26 523 766	12 440 650	8 666 650	14 083 116	22 270 203	4 253 563
14 Avskrivningar	25 491 113	-	-	25 491 113	23 929 900	1 561 213
15 Sum driftsutgifter	439 632 657	380 347 826	376 443 826	59 284 831	422 157 382	17 475 274
16 Brutto driftsresultat	5 688 400	18 733 680	22 507 680	-13 045 280	9 013 230	-3 324 830
<b>Finansinntekter</b>						
17 Renteinntekter	1 636 874	2 272 000	2 272 000	-635 126	2 533 890	-897 016
18 Utbytter	3 133 492	7 000 000	7 000 000	-3 866 508	3 121 090	12 402
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-	-	-
20 Renteutgifter	10 079 117	15 306 860	15 306 860	-5 227 743	13 241 338	-3 162 221
21 Avdrag på lån	26 536 472	26 000 000	26 000 000	604 416	25 156 642	1 379 830
22 Netto finansutgifter	-31 845 224	-32 034 860	-32 034 860	121 692	-32 743 000	897 776
23 Motpost avskrivningar	25 491 113	-	-	25 491 113	23 929 900	1 561 213
24 Netto driftsresultat	-665 711	-13 301 180	-9 527 180	12 567 525	200 130	-865 840
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>						
25 Overføring til investering	-	-	-	-	-	-
26 Netto avsetningar til eller bruk av bundne driftsfond	-2 802 197	3 527 180	3 527 180	-6 329 377	-326 882	-2 475 315
27 Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond	-2 445 117	3 860 975	4 000 000	-6 238 148	-7 788 047	5 342 930
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	5 913 025	5 913 025	2 000 000	-	12 988 047	-7 075 022
28 Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
29 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	665 711	13 301 180	9 527 180	-12 567 525	4 873 118	-4 207 407
30 Fremført til inndecking i senere år (merforbruk)	-	-	-	-	-5 913 025	5 913 025

Sjå tabellen ovanfor. På dei postane det er vesentlege avvik, er det ei forklaring på kvar linje – merka med linjenummer, nedanfor.

For å sjå utviklinga over tid er det tatt med tal frå rekneskapaen i fjor (2019) og det er ei kolonne som gir eit tilbakeblikk på utviklinga det har vore i 2020 samanlikna med 2019.

Ad 1, Rammetilskotet:

Det er mottatt meir i rammetilskot enn budsjettert. Årsaka er Covid 19-pandemien.

*Ekstraløyving i samband med covid-19 som vart utbetalt over rammetilskotet*

Generell kompensasjon for utgifter	<b>3 750 000</b>
Sårbare barn	<b>150 000</b>
Inntektssvikt SFO	<b>300 000</b>
Inntektssvikt barnehage	<b>700 000</b>
Forskottering basisfinansiering allmennlege-tenesta	<b>66 600</b>
Kompensasjon redusert inntekts- og formuesskatt	<b>550 000</b>
Nysaldert smittekontroll	<b>107 000</b>
Nysaldert arbeidsledigheit	<b>250 000</b>
Fordeling skjønnsmidlar knytt til Covid-19 i 2020	<b>2 124 828</b>
<b>Sum ekstraløyvingar i 2020</b>	<b>7 998 428</b>

*Ekstramidlar i forbindelse med covid-19 som ble utbetalt som øymerka midlar*

Digitale læremidlar	34 000
Sårbare barn og unge	97 000
Digital undervisning	0
Innreisekarantenehotell	0
Kommunale næringsfond	1 545 000
Vedlikeholdstilskot	2 100 000
Aktivitetstilskot til langtidsbuande ved sjukeheim og bebuarar i omsorgsbustad	0
Testing ved grenseovergangar	0
Praksiskompensasjon fastlegar	0
Smitteverns- og oppfølgingsarbeid for særleg utsette grupper	120 000
Utvide tilbodet for Alarmtelefon for barn og unge	0
Kulturhistorisk viktige kyrker frå før 1850	0
Klimasats	46 000
Lønstilskot redusert arbeidsgivaravgift	0
Førebyggjande flom og skredsikringstiltak	0
<b>SUM</b>	<b>3 847 289</b>

Det er ført netto utgifter med kr 5,4 mill kr. På prosjektnummeret D120 koronakrise, ekstraavgifter. Ekstraavgiftene som er ført på prosjekt D120 gjenspeiler ikkje på nokon måtarbeidsmengda som kommunen har hatt med forebyggjande arbeid, sporing av smitte og så vidare som pandemien har medført. Rutinane for å registrere arbeidsinnsatsen på prosjekt D120 vert fylgt opp av administrasjonen i 2021.



## Ad 2 Inntekts og formuesskatt

Kommunen har hatt kr 462 000 i mindre skatteinngang enn budsjettert. Dette har vore kompensert via rammetilskotet med kr 550 000. Totalt vert derfor avviket lite vesentleg.

## Ad 5 Andre overføringar og tilskot frå staten

Det er budsjettert med 7,8 mill i inntekter, men det er mottatt 14,8 mill kr i inntekter. Avviket på 7 mill kr er vesentleg.

Hovudårsakene til avviket er inntekt frå Havbruksfond på kr 5,8 mill kr og tilleggsløyving kommunalt næringsfond (inntekt) kr 1,5 mill kr og øyremerka statlege overføringar til grunnskule (inntekt) med 0,7 mill kr.

## Ad 6 Overføringar og tilskot frå andre

Her er situasjonen at kommunen har mottatt 35 mill kr meir enn budsjettert. Av dette utgjer inntekt frå sjukelønnsrefusjon 14,0 mill kr, inntekt frå momskompensasjon kr 11,0 mill, inntekt frå fylkeskommunen 4,6 mill, utbytte frå Stranda Hamnevesen KF 1,0 mill kr. Foreløpig prognose på redusert inntekt frå ressurskrevjande tenester ca 2,0 mill.

## Ad 7 Brukarbetalingar

Det er eit positivt avvik/meirinntekter på kr 2,6 mill kr.

Det er ikkje budsjetter med inntekt på Stranda distrikt, kjøkkenet, men det er inntektsført kr 1,1, mill i betaling for tenester. Vidare er det 0,9 mill kr meir i inntekter for brukarbetaling i helsetenesta og betaling for tenester Stranda distrikt sjukeheimen på 0,5 mill kr, i forhold til budsjettet.

## Ad 10 og 11 Lønn- og sosiale utgifter

Lønnsutgiftene er 3,6 mill kr høgare enn budsjettert. Sosiale utgifter er 5,6 mill kr høgare enn budsjettert. Til saman er lønn og sosiale utgifter kr 9,2 mill høgare enn budsjettert.

Alt av pensjon inklusive premieavvik bør vurderast å førast som sosiale utgifter, fordi inntekt frå premieavvik er ein ustabil storleik i kommunerekneskapen.

Når ein samanliknar utgifter til overtid, ekstrahjelp og vikarar i forhold til inntekt frå sjukelønnsrefusjonar har kommunen eit meirforbruk på 4,1 mill kr.

## Ad 12 Kjøp av varer og tenester

Det er brukt 10,5 mill kr meir enn budsjettert. Beløpet er fordelt med 4,0 mill på kjøp av konsulenttenester, 4,0 mill kr meir på kjøp av tenester frå andre/driftsavtaler. Dette bør sjåast i samanheng med inntekt frå fylkeskommunen, breibandmidlar. Vidare på vedlikehald og byggetenester kr 1,6 mill kr.

## Ad 13 Overføringar og tilskot frå andre

Det er brukt 14,0 mill meir enn budsjettert på denne posten. Årsaka er at meirverdiavgifta (mva) *ikkje* er budsjettert. Dette utgjer kr 11,0 mill kr. I tillegg er det på IKT utgiftsført 2,0 mill kr meir enn budsjettert. Dette kan sjåast i samanheng med fiberutbygging og mottatte breibandsmidlar frå fylkeskommunen og ekstrapostgifter i samband med Covid 19.

## Ad 14 avskrivningar/23 Motpost avskrivningar

Avviket kjem fordi ingen av postane er budsjettert.

#### Ad postane 17 -22, finanspostar

17 Posten renteinntekt er 0,6 mill kr lågare enn budsjettert. Årsaka er eit lågt rentenivå og lågare innskot.

18 Utbytte er 3,9 mill kr lågare enn budsjettert.

Det var budsjettert med 7,0 mill kroner i utbytte i 2020.

Budsjett og rekenskap (i parantes) vart fordelt slik:

4,0 mill kroner frå Stranda Energi As	(3,0 mill kroner)
1,5 mill kroner frå Stranda Eigedomsselskap As	(0,0 mill kroner)
1,5 mill kroner frå Stranda Hamnevesen KF	(1,0 mill kroner)
Årim	(34 668 kroner)
Gensidigestiftelsen	(98 823 kroner)

I sum vart det mottatt kr 3 133 491,51 i utbytte.

20 Renteutgiftene er 5,2 mill lågare enn budsjettert fordi landet har eit eit lavt rentenivå.

21 Avdrag er 0,6 mill kr høgare enn budsjettert

Postane 17 og 18 gir ei mindre inntekt på 4,5 mill kr.

Postane 20 og 21 gir mindre utgifter på 4,6 mill kr.

Samla sett gir postane 17 -22 mindre utgifter på 0,1 mill kr.

#### Ad 23 netto driftsresultat

Netto driftsresultat er summen av driftsinntekter og driftsutgifter.

Det vart budsjettert med eit positivt netto driftsresultat på 13,3 mill kr. Det rekneskapsmessige netto driftsresultatet var på 0,7 mill kr. Det er eit vesentleg avvik mellom disse postane. I 2020 var drifta påverka av covid-19-pandemien. Dette har statsforvalteren kompensert med ca 12,0 mill kr – og likevel vert netto driftsresultat marginalt.

I 2020 var det mottatt eit rekordlågt utbytte frå Stranda Hamnevesen KF på kr 1 mill. Det kan ta noko tid før drifta er tilbake på same nivået som tidlegare.

På ansvar rådmannen var det budsjettert med ei inntekt frå premieavvik på 15,1 mill inkl. arbeidsgivaravgift. Tilsvarande post i rekneskapen er ei utgift på 1,6 mill kroner. Det å budsjettere med inntekt på premieavvik i denne størrelsen er med å skjule eit omstillingsbehov. Premieavvik - om det er inntekt eller utgift, så er det en del av pensjonskostnaden.

Det ein kan forvente på litt lengre sikt:

Ekstrainntekt for covid-19 pandemien	går frå 12,0 mill til 0,0 mill kr
Inntekt frå premieavvik	er eit element i pensjonskostnaden
Netto driftsresultat skal opp igjen på	1,75% av sum driftsinntekter

#### Ad 26 netto avsetning til bundne fond

Spesifikasjon av linje 26	Regnskap 2020	Budsjett inkl. endring 2020	Budsjett 2020	Avvik rekneskap - budsjett
SUM	2 802 197	-3 527 180	-3 527 180	6 329 377
AVSETNINGER TIL BUNDNE FOND	9 929 322	1 962 422	1 962 422	7 966 900
BRUK AV BUNDNE DRIFTSFOND	-7 127 125	-5 489 602	-5 489 602	-1 637 523

Bundne fond skal vere midlar som kjem utanfrå – og som det skal rapporterast på. Alle andre midlar er frie midlar. Viltfondet er eit unntak frå denne regelen. Det er avsett kr 9,9, mill til bundne fond. Dette inkluderer midlar til fiberutbygging med 2,0 mill (KOM 017/17).

IKT har også brukt 1,2 mill av bunde fond til breibandutbygginga i Sunnylven.

#### Ad 27 Netto avsetningar til eller bruk av disposisjonsfond

BRUK AV DISPOSISJONSFOND	
Strandaindustriens Historie (FOR-037/20)	300 000
Stranda Feriesenter (FOR-037/20)	150 000
Strandafjellet Skisenter (FOR-037/20)	150 000
Mellombels skule Sunnylven (KOM 043/20)	864 000
Breibandsmidlar (KOM 017/17)	2 000 000
Sunnylven BHG (KOM 047/20)	160 000
Storfjordsambandet (KOM 113/20)	150 000
Vedtak Budsjett 2020 - Bruk av disposisjonsfond	4 000 000
SUM	7 774 000

AVSETNING TIL DISPOSISJONSFOND DRIFT	
Mindreforbruk 2019	5 913 025
Mindreforbruk 2020	4 306 092
SUM	10 219 117

BRUK AV DISPOSISJONSFOND - INVESTERING	
Bruk av disposisjonsfond 2020	3 119 369
SUM	3 119 369

SALDO DISPOSISJONSFOND 31.12.2020	8 255 743
-----------------------------------	-----------

#### Ad 28 Bruk av tidlegare års mindreforbruk

Spesifikasjon av linje 28	Regnskap 2020	Budsjett inkl. endring 2020	Budsjett 2020	Avvik rekneskap - budsjett
ALLE	-5 913 025	-5 913 025	-2 000 000	0
DISPONERING AV TIDLIGERE ÅRS IKKE DISPON	-5 913 025	-5 913 025	-2 000 000	0

Ad 29 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat  
Posten er ei sumlinje for postane 24 – 28, som er kommentert ovanfor.

Ad 30 Framført til inndecking seinare år  
Det er ingen avvik på denne posten.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – netto rammer einingane - drift 2020

Netto rammer fordelt på einingane	Regnskap 2020	Budsjett Inkl. endr. 2020	Budsjett 2020	Avvik i kroner	Regnskap 2019	Endring 2020- 2019
<b>SUM</b>	<b>285 500 723</b>	<b>285 388 004</b>	<b>285 388 004</b>	<b>112 719</b>	<b>272 589 337</b>	<b>12 911 378</b>
1010 POLITISK LEIING	4 994 696	3 900 327	3 900 327	1 094 369	4 481 498	513 197
1011 RÅDMANNSKONTOR	14 554 573	-2 683 961	-2 683 961	17 238 534	6 384 966	8 169 607
1020 ØKONOMIAVDELING	2 246 462	2 324 959	2 324 959	-78 497	2 748 506	-502 044
1021 PERSONALAVDELING	2 321 843	3 583 255	3 583 255	-1 261 412	2 707 679	-385 836
1022 FAG	15 871 988	18 133 772	18 133 772	-2 261 784	14 223 224	1 648 763
1023 IKT	6 977 796	5 895 204	5 895 204	1 082 592	5 347 215	1 630 581
1030 SERVICEKONTOR	2 794 875	3 102 572	3 102 572	-307 697	2 862 760	-67 886
1040 LØNNSPOTT	0	3 525 330	3 525 330	-3 525 330	0	0
2010 RINGSTAD SKULE	30 927 655	31 921 759	31 921 759	-994 104	30 109 061	818 594
2020 SUNNYLVEN SKULE	9 317 540	9 712 588	9 712 588	-395 048	9 751 271	-433 732
2030 GEIRANGER SKULE OG BARNEHAGE	5 377 825	5 982 763	5 982 763	-604 938	5 940 160	-562 335
2040 LIABYGDA SKULE OG BARNEHAGE	1 576 891	2 024 923	2 024 923	-448 032	3 343 723	-1 766 832
2050 HELSTAD BARNEHAGE	4 205 576	4 238 576	4 238 576	-33 000	4 056 214	149 361
2060 STRANDA UNGDOMSSKULE OG VAKSENOPPLÆRING	16 732 150	17 811 021	17 811 021	-1 078 871	17 803 413	-1 071 263
2110 RINGSTAD BARNEHAGE	7 694 151	8 089 280	8 089 280	-395 129	7 775 760	-81 610
2120 SUNNYLVEN BARNEHAGE	3 669 131	4 000 494	4 000 494	-331 363	3 473 948	195 183
2200 PP-KONTORET	1 871 655	2 114 628	2 114 628	-242 973	1 902 034	-30 379
3010 STRANDA DISTRIKT - HEIMETENESTENE	9 058 923	9 831 604	9 831 604	-772 681	8 928 125	130 798
3011 STRANDA DISTRIKT - SJUKEHEIMEN	28 505 369	30 668 581	30 668 581	-2 163 212	28 137 097	368 272
3012 STRANDA DISTRIKT - SOLBAKKEN	9 649 656	9 415 486	9 415 486	234 170	9 845 156	-195 499
3013 STRANDA DISTRIKT - MØREGATA / BUKOLLEKTIV	0	0	0	0	-694	694
3014 STRANDA DISTRIKT - LIABYGDA	3 265 939	3 396 949	3 396 949	-131 010	3 350 161	-84 222
3015 STRANDA DISTRIKT - BRUKARSTYRT PERSON. ASSIST.	6 327 666	7 260 089	7 260 089	-932 373	5 932 876	394 790
3016 STRANDA DISTRIKT - KJØKKENET	2 176 461	1 928 799	1 419 195	247 662	2 887 541	-711 080
3017 STRANDA DISTRIKT - DAGSENTERET	1 278 783	1 419 195	1 928 799	-140 412	1 342 983	-64 200
3020 SUNNYLVEN DISTRIKT	14 244 356	15 000 252	15 000 252	-755 896	13 834 887	409 468
3030 GEIRANGER DISTRIKT	4 834 871	5 222 459	5 222 459	-387 588	4 753 446	81 425
3040 MØREGATA / BUKOLLEKTIV	13 740 076	13 069 862	13 069 862	670 214	12 955 824	784 252
3041 NYMARKVEGEN	4 934 916	4 474 828	4 474 828	460 088	4 095 433	839 483
3042 PSYKIATRISK DAGSENTER	122 375	155 428	155 428	-33 053	143 664	-21 289
3043 AVLASTINGSBUSTAD	4 456 886	4 323 898	4 323 898	132 988	1 370 051	3 086 834
3050 HELSETENESTA	15 886 580	15 897 436	15 897 436	-10 856	15 255 431	631 149
3060 SOSIALTENESTA	8 688 483	10 968 538	10 968 538	-2 280 055	8 186 311	502 172
3064 FLYKTNINGAR	-1 093 407	437 011	437 011	-1 530 418	-1 171 247	77 840
3065 FRIVILLEGSENTRALEN	552 585	796 684	796 684	-244 099	673 450	-120 865
3070 NAV	1 806 628	2 096 075	2 096 075	-289 447	2 144 219	-337 592
4010 KULTURSKULEN	2 668 494	2 415 812	2 415 812	252 682	2 449 102	219 392
4011 BIBLIOTEKET	1 140 521	1 196 771	1 196 771	-56 250	1 216 633	-76 112
4012 KULTUR/IDRETT	703 576	1 084 016	1 084 016	-380 440	801 885	-98 310
5010 PLAN, MILJØ, NÆRING	3 059 546	3 678 509	3 678 509	-618 963	4 611 156	-1 551 610
6010 KOMMUNALTEKNIKK/BRANNVERN	13 858 878	12 378 198	12 378 198	1 480 680	13 654 157	204 721
7010 VAKTMESTERTENESTE	4 529 012	4 594 084	4 594 084	-65 072	4 321 966	207 047
7030 Hus til utleige	-31 257	0	0	-31 257	-41 708	10 451

Forklaring på avvika mellom rekneskap og budsjett – drift – på einingsnivå

#### *1011 Rådmannskontoret*

Avviket kjem fordi det urealistisk er budsjettert inntekt frå premieavvik med kr 15 111 000 – i tillegg til avsetning til fond kr 750 000.

#### *1021 Personalavdeling*

Her er eit mindreforbruk på grunn av sjukefråvær/vakanse.

#### *1022 FAG*

Dette er eit ansvar som er utfordrande å budsjettere. I samband med nytt budsjett for 2022 vil denne eininga gås igjennom på nytt.

#### *1023 IKT*

Overskridingane for ansvar 1023, IKT skuldast i hovudsak ekstrautgifter til Korona.

På ART 12000 utgjer dette 499.110,-

På ART 11950 utgjer dette 90.886,-

På ART 12700 utgjer dette 43.097,-

På ART 13700 utgjer dette 57.824,-

Samla er ekstrautgiftene direkte knytt til Korona på 632.000.

I forhold til heimekontor vart det kjøpt inn ca. 30 berbare datamaskiner.

Dette var primært for å stette behovet som Sosialtenesta, Helsetenesta og andre fekk for heimekontor. Dette inkludera også dockingstasjonar. Det vart kjøpt inn tilbehør som headset, webkamera, øyrepluggar, jabraspeak og likande.

Vidare vart det investert i utstyr som Stranda kulturskule trengte for å kunne tilby fjernundervisning av sine elevar. Dette gjeld i hovudsak Chromebooks og mikrofonar.

Vi måtte også gjere investeringar i Infrastruktur; switchar og aksesspunkt. Primært er dette utstyr som måtte inn når Ringstad skule måtte ta i bruk midlertidig lokasjonar.

I forhold til møterom vart det investert i videokonferanseutstyr slik at ein kunne ta i bruk Teams på fleire møterom, og også kunne tilby livestream av kommunestyremøte via Teams.

Digital sosialhjelp (Digisos) utgjer om lag 150 000 kr av ekstrakostnadane.

Digisos vart innført i slutten av mars saman med Sykkylven. Dette var for at innbyggjarane i Stranda skulle kunne ta i bruk digital søknad om økonomisk sosialhjelp på nav.no.

Utover dette er det også auka utgifter i forhold til budsjett på ART: 13700 og då primært til leverandør Visma.

#### *1040 Lønnsnett*

*Lønnsnetten vart ikkje fordelt ut på einingane.*

#### *Pensjon i Statens Pensjonskasse (SPK)/skulane*

Hovuddelen av dei tilsette i skulane har pensjon i statens pensjonskasse (SPK):

Pensjonsutgiftene i Statens Pensjonskasse vart lågare enn budsjettert og derav også lågare arbeidsgivaravgift.

#### *2010 Ringstad skule*

På grunn av korona-situasjonen vart det ikkje gjennomført leirskule, noko som var budsjettert med kr 350 000

#### *2020 Sunnlyven skule*

Mindreforbruk ca 200 000. Lave energiprisar, koronastengt 2 månadar og mindre energibruk hausthalvåret. Samt lågare utgifter til pensjon og arbeidsgivaravgift.

#### *2030 Geirangerskule*

For vår del skuldast mindreforbruket følgjande tre forhold:

1. Sjukmeldingar der det ikkje var leigd inn vikar, delvis fordi vikarsituasjonen er svært vanskeleg i Geiranger og delvis fordi vi hadde sjukmelding i perioden med heimeskule og stengt barnehage.
2. Det var budsjettert for høgt på pensjon og arbeidsgivaravgift
3. Det var bestilt utskifting av lysarmatur i november, der leveransen vart forsinka slik at arbeidet ikkje blei gjort på 2020. Vi fekk dermed ein kostnad på ca 100 000 på 2021 i staden for på 2020.

#### *2040 Liabygda skule- og barnehage og 2050 Helstad barnehage*

Mindreforbruket skyldast lågare pensjon- og arbeidsgivaravgift. I tillegg til inntekt på kr 150 000 i sjukerefusjon. I tillegg til dette er det spart på alle poster.

#### *2060 Stranda ungdomskule og Vaksenopplæring inkl 2200 PP-kontoret*

Mindreforbruk på lønn, pensjon og arbeidsgjevaravgift. Meirforbruk på reinhald.

### *2110 Ringstad Barnehage*

Hovudårsaka til avviket er:

- Brukarbetalinga var budsjettert kr. 162 832,- over det rekneskapen viser
- Straum/energi var budsjettert kr. 34.331.- over det rekneskapen viser
- Premiefond pålydande kr. 124 890,- var ført inn i budsjettet i des. 20
- Pensjon pålydande kr. 440 867,- vart ført inn i budsjettet i des. 20

### *2120 Sunnylvn barnehage*

Årsaka til mindreforbruk er følgjande:

- Fekk mykje meir i foreldrebetalingssinntekt enn budsjettert
- Mindreforbruk i energi i forhold til budsjettert
- Styrar vart mykje brukt som vikar ved sjukmeldingar, samstundes som ein tok i mot sjukelønsrefusjon hadde ein då ikkje vikarutgifter i tilsvarande størrelse

### *3010 Stranda distrikt – heimetenestene*

Årsak: Stilling 50% einingsleiar var vakant/sjukmeld frå august og sjukepleiaren vart overført frå sjukeheim. Det vart også brukt lønsmidlar frå sjukeheim.

### *3011 Stranda distrikt - sjukeheimen*

Årsak: Stillinga som einingsleiar var vakant på grunn av sjukmelding frå august. Fagleiarstilling stått vakant i 2020 på grunn av svangerskapspermisjon. Det vart stengt ei sjukeheimsavdeling med 8 plassar mars til medio september. Dette ga mindre forbruk ifht personalutgifter ved ferie/sjukdom.

### *3014 Stranda distrikt - Liabygda*

Avviket, kr -131 000, er ikkje vesentleg.

### *3015 Stranda distrikt-BPA*

Avvik: Ein bruker vart tatt inn på sjukeheim på grunn av manglande personale og reiste deretter heim med teneste frå vikarbyrå i medio juni. Ein bruker død i juni. Personalet vart omplassert til anna arbeid.

### *3016 Stranda distrikt-kjøkken*

Kjøkkenet leverer all mat til Solbakken(tørr- og varmmat), leverer også middag til heimebuande/Liabygda/Hellesylt. Det er budsjetter med inntekt på 2,1 mill frå brukarane. Brukarane har betalt kr 1,6 mill.



### *3017 Stranda distrikt-dagsenter*

Dagsenteret var stengt i lengre periode pga Korona. Det vart ikkje innleige av vikar ved sjukdom/ferie. Det har ikkje vore arrangert aktivitetar/utflukter.

### *3020 Sunnlyven distrikt*

Sjukepleiarstilling 100% stått vakant på grunn av ingen søkarar. I tillegg er det tatt vekk bakvakt på sjukepleiarar på nattfred/laurdag/søndag.

### *3030 Geiranger distrikt*

- Budsjettering med 100.000 i sjukevikar.
- Innleige av rimelegare vikarar ved sjukdom, slik at sjukelønsrefusjonen er høgare enn utgifta til sjukevikar.
- Lågare straumutgifter enn budsjettert.
- Ikkje bruk av bil-leasing.

### *4040 Møregata, 4041 Nymarkvegen, 4042 Psykiatrisk dagsenter, 3043 Avlasningsbustad*

Det er brukt ca 750 000,- i overtid.

Dette gjeld krav frå Statsforvaltarane oppimot Kap 9 vedtak, krav om høgskulekompetanse i forhold til bruk av tvang og makt. Som følgje av sjukmeldingar måtte ein omdisponere personale som medførte stor bruk av overtid.

Det er endringar når det gjeld inntekt frå ressurskrevjande tenester, som gjer at inntekta i 2020 vart lågare enn i 2019.

### *3050 Helsetenesta*

Ingen vesentlege avvik å kommentere.

### *3060 Sosialteneste*

Har eit mindreforbruk av lønn grunna sjukdom i ein periode i 2020 og vakanse fram til nyttilsetting i Barnevernet. Vidare var det eit mindre forbruk i kostnad på Barnevernet vedkomande tiltak i familie. Det har i 2020 generelt vore eit mindreforbruk i drift i Sosialtenesta grunna mindre reiseverksemd og kompetanse-heving grunna utfordringane covid har gitt oss.

### *3064 Flyktingar*

Har eit mindreforbruk grunna mindre utgifter til introduksjonslønn då fleire gjekk ut i arbeid, utdanning og fødselspermisjon tidlegare enn berekna. Vidare mottok kommunen eit ekstra tilskot grunna mindreårig flykting samt auke i refusjonar grunna funksjonshemming. Dette er tilskot som ikkje er stabile inntekter og som ikkje vil vedvare.

### *3065 Frivilligsentralen*

Har eit mindreforbruk på lønn då dagleg leiar i august 2020 gjekk av med 50% AFP.

### *3070 NAV*

Årsaka til mindreforbruket er lågare utgifter til fast lønn, pensjon og arbeidsgivaravgift.

### *4010 Kulturskulen*

Årsaka til meirforbruket er lågare inntekter frå brukarbetaling med kr 135 000 og lågare inntekt frå (refusjon) frå andre kommunar kr 255 000 – enn det som var budsjettert.

### *4011 Biblioteket*

Mindreforbruk på 4,7%

Dette skuldast hovudsakleg at det er brukt mindre av bokbudsjettet så langt i år. Bøker er den største posten for biblioteket, sett bort frå løn.

### *4012 Kultur/idrett*

Det er budsjettert med lønsutgifter for reinhaldar, med pga. langvarig sjukmelding får den tilsette utbetaling direkte frå NAV frå januar 2021.

Innleigd reinhaldsteneste har lågare kostnad enn dei faste, budsjetterte lønnsutgiftene.

### *5010 Plan, miljø og næring*

Mindreforbruket er i hovudsak på bakgrunn av 3 ting.

1. Teneste 5101 – Kart- og oppmålingsteneste har hatt ein person i foreldrepermisjon, og det har ikkje vore inne vikar for den tilsette.
2. Teneste 5102 – Byggesaker har tatt inn meir gebyr en budsjettert, hovudsakleg «overtredelsesgebyr». I tillegg har ein hatt langtidsjukemelding utan at det har vore inne vikar.
3. Teneste 5203 – Skogbruk/skogdrift gjekk inn avtale med Fjord kommune om sal av tenester knytt til skogbruk. Tilsvare 30 % stilling i eit halvt år. Dette var ikkje budsjettert med.

### *6010 Kommunalteknikk/brannvern*

Meirforbruket må delast i to deler, VAR-området og verksemda utanom VAR-området.

Meirforbruk på VAR dekkast av fond.

Meirforbruk på VAR (om lag kr. 800 000,-) skyldast i hovudsak følgande:

1. Høgare kostnader frå ÅRIM knytt til renovasjon enn det er budsjettert med. Dette var varsla av ÅRIM i desember 2019, men blei ikkje endra i budsjettet for 2020. Førte til mindre avsetning til fond enn budsjettert.
2. Større vedlikehaldsutgifter på avløp enn budsjettert. Det ble tatt stor service av alle avløpsanlegg i 2020. Dette er ikkje noko som må gjerast kvart år, og som ikkje ligg inne i faste driftskostnader.
3. Innføring av Powel som driftssystem på vatn/avløp. Store eingongskostnader ved innføring i 2020.

Meirforbruk utanom VAR-området (om lag kr. 600 000,-) skyldast i hovudsak følgande:

1. Teneste 6210 – Brann- og ulukkesvern har overforbruk knytt til utrykning og vedlikehald av brannbilar og annet naudsynt utstyr.
2. Teneste 6110 – Veger og gater har overforbruk knytt til overføring av ei stilling frå VAR-området til veg med effekt frå april, samt vesentleg høgare kostnader til vintervedlikehald av veger enn budsjettert.
3. Teneste 6120 – Private veger har overforbruk knytt til vintervedlikehald av private veger.
4. Teneste 6500 – Parkar og friluftsliv har overforbruk knytt til innføring av elektroniske betalingsløysingar for offentlege toalett, og naudsynt reperasjon av bil.

*7010 Vaktmeisterteneste/ 7030 Hus til utleige*

Det er ingen vesentlege avvik her.

## Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – investeringsprosjekt 2020

Mindreforbruk og meirforbruk vises for 2020 i den gule kolonnen. Vesentligheitsgrensa er sett til kr 1 mill kr. Dei tilfella «rekneskap – budsjett» i 2020 er større enn 1 mill kr vert kommentert nedanfor. Det er ingen av avvika som er vist i denne tabellen der det er kjente overskridingar, når ein ser heile prosjektet som går over år, med unntak av: P.nr. 6152 – Gangveg Ødegård.

Investeringsprosjekt - avvik

Prosjekt	Investeringsprosjekt, tal i heile 1000 kroner	Regnskap 2020	Budsjett inkl. endring	Budsjett	Regnskap 2019	Avvik rekneskap - budsjett
1020	ETBALERINGSLÅN	-15	0	0	-10	-15
1021	UTBETRINGSLÅN	-4	0	0	-4	-4
1022	STARTLÅN	-2 114	-1 000	-1 000	-1 284	-1 114
1200	UTSTYR DATA	258	264	264	298	-6
1212	HEISAR	0	0	0	1 245	0
1213	KOMMUNALE FORMÅLSBYGG - MÅLING	0	0	0	26	0
1214	KVITEVARER	0	200	200	0	-200
1216	NIBBEDALEN FIBERRØR	593	600	0	0	-7
1800	EIGENKAPITALINNSKOT KLP	1 022	1 100	1 100	1 035	-78
2001	DATAUTSTYR SKULANE	540	500	500	589	40
2010	SYMJEBASSENG, RINGSTAD 2007	0	0	0	565	0
2014	RINGSTAD SKULE - BRANNSIKRING	17	1 590	800	11	-1 573
2015	RINGSTAD SKULE - ENØK	0	0	0	0	0
2023	SUNNYLVEN SKULE - REHABILITERING	12 327	24 000	23 200	671	-11 673
2051	HELSTAD SKULE - UTVENDIG FORSTØTNINGSMUR	0	0	0	248	0
2070	RINGSTAD BARNEHAGE - TAK	667	650	650	0	17
2071	SUNNYLVEN BARNEHAGE - BRANNVARSLING	0	0	100	0	0
2901	Sunnylven barnehage - Brannvarsling	68	160	0	0	-92
3010	OMSORGSSENTER, STRANDA	0	0	0	0	0
3019	STRANDA DISTRIKT - REHABILITERING SOLBAKKEN	152	772	0	436	-620
3022	STRANDA DISTRIKT - TRYGGLEIKSALARMAR	4	120	0	0	-116
3023	STRANDA DISTRIKT - SIGNALANLEGG	0	0	0	-907	0
3027	SUNNYLVEN DISTRIKT VENTILASJONSANLEGG	280	400	0	0	-120
3040	AVLASTNING/SPECIAL-SFO AMBULANSESTASJONEN	703	1 121	400	3 093	-418
3100	Bil Dagsenteret (2014)	0	0	0	0	0
4010	STORFJORD KULTURHUS 2007 (ventillasjon)	0	0	0	221	0
4012	STRANDAHALLEN 2007	0	878	0	1 672	-878
4022	STORFJORD KULTURHUS - MÅLING	160	159	0	0	1
4023	FRILUFTSTRASE STRANDAFJELLET	1 278	1 347	0	25	-70
4024	NASJONALE TURSTIAR - GEIRANGER	0	0	0	254	0
4100	KYRKJELEG FELLESRÅD	196	196	0	135	0
5101	GEOVEKST FLYFOTO	225	261	261	180	-36
5310	Fossevandring Geiranger	-330	0	0	-350	-330
5312	STRANDSITJAR MONUMENT	0	500	500	0	-500
6001	FJERNVARMEANLEGG	5 182	7 849	7 802	460	-2 667
6002	Vegforb. Opplendskedalen/Strynefjell	0	0	0	152	0
6020	GRUNNKJØP	0	0	0	4 936	0
6080	VA HEVSDALEN	98	3 000	3 000	-716	-2 902
6086	AVLØP HELLESYLT	18	1 000	1 000	0	-982
6088	AVLØP SVE-BERGE	0	0	0	72	0
6093	PUMPESTASJON HELSEMIKA (VAR)	171	603	0	1 674	-432
6094	PUMPESTASJON GEIRANGER	0	1 625	1 625	0	-1 625
6128	BRU STORELVA UTBEDRING	286	1 350	0	136	-1 065
6130	ASFALTERING	845	760	760	1 303	85
6134	TRAFIKKTRYGGING	76	343	0	0	-266
6141	UTSTYR BRANNVERN	158	200	200	50	-42
6151	ELVEFOREBYGGING SVEMORKA	0	0	0	36	0
6152	GANGVEG ØDEGÅRD	597	297	0	633	300
6153	BRANNBIL - STRANDA	122	1 807	4 118	4 145	-1 685

Oversikten fortset på neste side

Investeringsprosjekt Tabell 1 – fortsetting

Prosjekt	Investeringsprosjekt, tal i heile 1000 kroner	Regnskap 2020	Budsjett inkl. endring	Budsjett	Regnskap 2019	Avvik rekneskap - budsjett
6154	BRANNSTASJON GEIRANGER	312	3 304	2 000	362	-2 992
6156	SAL AV BRANNBIL	-150	0	0	0	-150
6158	SKIBRUJ/VEGBRU LANGLOFONNA	0	5 376	0	0	-5 376
6170	KJØLEN	0	0	0	65	0
6176	STRANDVEGEN ETERNITTSANERING VAR	-543	0	0	10 877	-543
6177	HEVSDALEN HØGDEBASSENG (VAR)	69	62	0	420	8
6179	VATN/AVLØP ØDEGÅRD - INDUSTRI	320	3 303	2 500	195	-2 983
6193	KUM PÅ KJØLEN	1 971	2 400	0	0	-429
6199	DAM BUVATN/SVARTEVATN	0	0	0	20	0
6200	BYGGEFELT LIABYGDA	110	1 600	1 600	4 901	-1 490
6201	BYGGEFELT HELLESYLT - VEG	360	1 600	0	0	-1 240
6206	KOPANE	4 488	5 223	4 023	212	-735
6207	BYGGEFELT STRANDA - PROSJEKTERING	0	768	0	33	-768
6213	TOMTESAL GEIRANGER	0	0	0	-26	0
6215	TOMTESAL BYGGEFELT STRANDA	-39	0	0	0	-39
6216	TOMTESAL LIABYGDA	-140	0	0	0	-140
6230	Utbyggingsavtaler	-1 682	0	0	-1 754	-1 682
6232	KRYSS FV60-FURSETRESET	13 380	12 200	11 000	3 469	1 180
6261	RENSEANLEGG STRANDA	0	2 000	2 000	0	-2 000
6707	BELYSNING SENTRUM STRANDA	101	100	100	0	1
9537	AVDRAG HUSBANKEN 13536723/2/1 UTLÅN 2001	10	0	0	20	10
9538	AVDRAG HUSBANKEN 13542698 UTLÅN 2002	40	0	0	53	40
9600	AVDRAG HUSBANKEN 14626542 STARTLÅN	80	0	0	27	80
9601	AVDRAG HUSBANKEN 14628011 STARTLÅN 2004	100	0	0	100	100
9602	AVDRAG HUSBANKEN 1462 8986 STARTLÅN 2005	150	0	0	50	150
9603	Avdrag Husbanken 14629849 Startlån 2006	106	0	0	105	106
9604	AVDRAG HUSBANKEN LÅN 14630718 STARTLÅN 2007	89	0	0	87	89
9605	AVDRAG LÅN 14631357 STARTLÅN 2008	101	0	0	100	101
9606	AVDRAG HUSBANKEN LÅN 14632068 2009	101	0	0	98	101
9607	AVDRAG HUSBANKEN 14632676 STARTLÅN 2010	842	1 600	1 600	281	-758
9609	AVDRAG - HUSBANKEN LÅN 14634525	194	0	0	193	194
9610	AVDRAG HUSBANKEN LÅN 14637115 - STARTLÅN 2016	97	0	0	96	97
9611	AVDRAG HUSBANKEN LÅN 14638474 - STARTLÅN 2018	88	0	0	88	88
9612	AVDRAG HUSBANKEN LÅN 14639083 - STARTLÅN 2019	75	0	0	0	75
9813	AVDRAG HUSBANKEN 139650238 MØREGATA	47	0	0	0	47
9814	AVDRAG HUSBANKEN 135027431 MØREGATA 3	13	0	0	0	13
<b>SUM</b>	<b>Alle investeringsprosjekt</b>	<b>44 270</b>	<b>92 188</b>	<b>70 304</b>	<b>41 100</b>	<b>-47 917</b>

Investeringsrekneskapen – avvik – på prosjektnivå

**P.nr 1022 Startlån**

Nye utlån/bruk av Startlån utgjør begge +/- kr 10 502 000.

Det er mottatt avdrag kr 720 000 og ekstraordinære avdrag kr 198 000.

Det er i tillegg brukt kr 1 196 000 av fond.

**P.nr. 2014 – Ringstad skule – Brannsikring:** Ikkje oppstarta. Ansvar for prosjektet var i utgangspunktet på økonomisjef/skulen. Ansvaret bør over på Vaktmeistertenesta.

**P.nr. 2023 – Sunnlyven skule - Rehabilitering:** Prosjektet starta i 2020 – og er eit to-årig prosjekt. Totalbevilgninga for dei to åra vil halde, men det var budsjettert for alt for høgt beløp i 2020. Årsaken til avviket er at budsjettet ikkje er kopla opp mot betalingsplanen og justert framdrift. Rehabiliteringa av Sunnlyven skule går i utgangspunktet over både åra 2020 og 2021, med ferdigstilling haustferien 2021. Både tiltak knytt til Corona, avklaringar knytt til plassering av mellombels skule, avklaring knytt til plassering av trafo har medført noko forseinkingar som ein prøver å ta inn at i 2021.

**P.nr. 6001 – Fjernvarmeanlegg:** Prosjektet pågår, ikkje ferdigstilt i 2020. Det var planlagt ferdig i desember 2020, men grunna mellom anna koronarestriksjonar vart det ein del utsettingar.

**P. nr. 6080 – VA Hevsdalen:** Prosjekteringsoppstart i 2020, planlagt oppstart bygging i 2021.

**P.nr. 6094 – Pumpestasjon Geiranger:** Prosjekt ikkje oppstarta grunna kapasitet. Prosjektering oppstart i 2021.

**P.nr. 6128 – Bru Storelva Utbetring:** Prosjektert og utlyst, men prisene var vesentleg høgare enn budsjettert. Ny runde for å endre på prosjektet, og det er i 2021 løyvd meir midlar til ny utlysing og gjennomføring.

**P.nr. 6152 – Gangveg Ødegård:** Arkeologisk utgraving påkrevd, ekstra kostnad på 300 000,-. Prosjektet er bare i prosjekteringsfase, oppstart tidligst i 2022.

**P.nr. 6153 – Brannbil Stranda:** Bil kjøpt i 2019, feil med overføring av midler fra 2019 til 2020 fører til avviket.

**P.nr. 6154 – Brannstasjon Geiranger:** Mye utfordringer knytt til rassikker tomt har ført til at prosjektet ikkje har hatt forventa framdrift. Endeleg tomteval først nå i april 2021.

**P.nr. 6158 – Skibru/vegbru Langlofonna:** Det er vilkår knytt til utbetalinga. Det vart såleis inga utbetaling i 2020. Etter at anlegget er ferdig, må vilkåra dokumenterast før utbetaling. Anslått tidspunkt er juni 2021.

**P.nr. 6179 – Vatn/avløp Ødegård – Industri:** Prosjektering i 2020. Forsinkelser grunna koronarestriksjoner, (prosjekterende firma er spansk). Same prosjekt som p.nr. 6152, men delt i VAR og ikke-VAR.

**P.nr. 6200 – Byggefelt Liabygda:** Prosjekt delvis ferdig. Gjenstår ny veg som krev regulering. Grunna vakant stilling på planlegger frå april 2020 til januar 2021 har det ikkje vore framdrift på prosjektet.

**P.nr. 6201 - Byggefelt Hellesylt – Veg:** Grunnkjøp i 2020, dette tok vesentleg meir tid enn forventa og oppstart prosjektering vert satt i gang 2021.

**P.nr. 6230 – Utbyggingsavtalar:** Beløp knytt til utløyste utbyggingsavtalar Hevsdalen. Det vert ikkje budsjettert med inntekter i budsjettet.

**P.nr. 6232 – Kryss FV60-Fursetreset:** skyldes manglende overføringer av midler avsatt tidligere i prosessen, da det som er brukt for 2020 bare er deler av totalsummen for prosjektet som har pågått over mange år.

**P 6261 Renseanlegg, Stranda:** Prosjekt ikke gjennomført, da et hasteprojekt (p.nr. 6193) kom inn. Prosjektmidler overført til dette prosjektet i 2021.

Vesentlege avvik mellom budsjett og rekneskap – bevilgningsoversikt investering – 2020

Bevilgningsoversikt investering	Regnskap 2020	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Avvik R-B	Regnskap 2019
1 Investeringer i varige driftsmidler	55 022 057	106 246 992	83 223 439	-51 224 935	51 721 730
2 Tilskudd til andres investeringer	73 936	-	-		400 000
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	1 021 585	1 100 000	1 100 000	-78 415	3 119 369
4 Utlån av egne midler	-	-	-		1 650 000
5 Avdrag på lån	-	-	-		1 298 268
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>56 117 578</b>	<b>107 346 992</b>	<b>84 323 439</b>	<b>-51 229 414</b>	<b>58 189 367</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	9 015 024	18 931 414	14 619 688	-9 916 390	5 331 500
8 Tilskudd fra andre	2 503 416	-	-		5 737 421
9 Salg av varige driftsmidler	328 648	2 500 000	2 500 000	-2 171 352	46 471
10 Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-		-
11 Utdeling fra selskaper	-	-	-		-
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-	-	-		2 911 439
13 Bruk av lån	43 577 553	86 515 578	67 803 751	-42 938 025	41 714 644
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>55 424 641</b>	<b>107 946 992</b>	<b>84 923 439</b>	<b>-52 522 351</b>	<b>55 741 476</b>
15 Videreutlån	10 502 743	1 000 000	1 000 000	9 502 743	-
16 Bruk av lån til videreutlån	10 502 743	-	-		-
17 Avdrag på lån til videreutlån	2 132 589	1 600 000	1 600 000	532 589	-
18 Mottatte avdrag på videreutlån	936 677	2 000 000	2 000 000	-1 063 323	-
19 Netto utgifter videreutlån	1 195 912	600 000	600 000	595 912	-
20 Overføring fra drift	-	-	-		-
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	1 195 912	-	-		-671 478
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	3 119 369	3 119 369	-	0	-
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	-3 119 369	-3 119 369	-	0	-
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	1 195 912	-	-		-671 478
<b>25 Fremført til inndecking i senere år(udekket beløp)</b>	<b>692 937</b>	-	-		<b>3 119 369</b>

*Ad linje 1 Investeringer i varige driftsmidler*

Budsjettet er vesentlig høgare enn det som kommunen har klart å gjennomføre. Det var tilsvarende framdrift i 2019. Investeringsplanane bør vere meir realistiske.

*Ad linje 3 Investeringer i aksjer og andelar*

Dette gjeld pliktig kjøp av andel i KLP. Det er seint på året før ein får oppgitt det endelige beløpet.

*Ad linje 6 Sum investeringsutgifter*

Sum investeringsutgifter har ein stor samanheng med sum investeringsutgifter, fordi rekneskapen skal blanserast ut i «0». Når det er stort avvik på investeringer i anleggsmidlar vert det også stort avvik på sum investeringsutgifter.

*Ad linje 9 Sal av varige driftsmidler*

Planlagt sal av driftsmidlar bør budsjetterast. Her ser det ut som salet er forseinka i forhold til budsjett.

*Ad linje 13 bruk av lån*

Bruk av lån er tatt inn i investeringsrekneskapen for å finansiere gjennomførte investeringar. Avviket har stor samanheng med linje 1.



#### Ad linje 14 Sum investeringsinntekter

Sum investeringsinntekter har ein stor samanheng med sum investeringsutgifter, fordi rekneskapen skal blanserast ut i «0». Når det er stort avvik på investeringer i anleggsmidlar vert det også stort avvik på sum investeringsutgifter og sum investeringsinntekter.

#### Ad linjene 15, 16, 17, 18 og 19

Dette gjelder vidareformidlingslån, det vil seie startlån og liknande. Her ser det ut som vidareutlån – og bruk av lån til vidareutlån som bør budsjetterast betre i framtida.

#### Ad linje 21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond

Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond		
Bruk av bundne fond	Budsjett inklusive endring	Avvik R-B
1 195 912	0	1 195 912

Å få avvik på avsetning til eller bruk av bundne fond er ikkje uvanlig. Med bakgrunn i at dette gjelder avsetning til og bruk av bundne fond, vert ikkje beløpet vurdert til å vere vesentlig.

#### Oppsummering investering – og ubrukte lånemidlar - kommunen

Det er behov for å rebudsjettere investering i anleggsmidlar med kr 51,0 mill. Ubrukte lånemidlar er på 32,7 mill. Teoretisk sett bør det ikkje vere differanse mellom rebudsjettering av investeringar og ubrukte lånemidlar.

Investeringsbudsjetta bør vere realistiske i forhold til framdrift og investeringsrammer det enkelte år.

Investeringsprosjekta bør budsjetterast brutto (inklusive moms) for dei områda som er omfatta av momskompensasjon. Inntekt frå momskompensasjon bør gå til fellesfinansiering.

Investeringsprosjekta som gjeld sjølvkostområda bør budsjetterast eksklusive mva.

#### Oppsummering investering – og ubrukte lånemidlar – Stranda Hamnevesen KF

I samband med koronapandemien, som råka foretaket svært hardt, vart det gjort ei budsjettendring hausten 2020 fordi ein tidlig såg konsekvensane i bortfall av inntekter, i all hovudsak frå cruiseindustrien. Foretaket mottok ikkje skjønnsmidlar, kompensasjonsmidlar eller lønnsstøtte frå staten.

Delvis plastring ved Hellesylt cruisekai er utført. Her var det i 2020 eit budsjett på kr 3 000 000 og det vart rekneskapsført kr 74 050. Her er det eit avvik på kr 2 925 000 fordi behov ikkje var tilstades i så stor grad som først vart beskreve.

Fendring Hellesylt cruisekai var budsjett med kr 5 500 000. Det vart rekneskapsført kr 4 600 000. Avviket mellom rekneskap og budsjett i 2020 er på kr 900 000.

Investering Stranda kai er utsett i påvente av ei avklaring frå staten angående særreguleringar frå 2025 og eit vedtak om nullutslapp i 2026. Prosjektet vert vidareført i 2021.

Sum utgiftsført i rekneskapet for 2020 er kr 4,7 mill, det var budsjettert med kr 8,5 mill. Samla avvik mellom rekneskap og budsjett er på kr 3,8 mill.

## Folkehelsearbeidet

I 2019 vart det tilsett folkehelsekoordinator i 50% stilling. Folkehelsearbeidet i Stranda kommune skal vere forankra i gjeldande lovverk, statlege føringar og kommunale planar. Dei lokale folkehelsemåla skal bygge på FNs berekraftmål og dei nasjonale folkehelsemåla. Under ser ein nokon av oppgåvene som er arbeida med i 2020.

### Folkehelseoversikt

Det vart i 2020 utarbeid eit oversiktsdokument over folkehelsa i Stranda kommune. Oversiktsdokumentet skal ligg føre ved oppstart av arbeidet med planstrategi etter Plan og bygningslova § 7-1 og 10-1 og skal utarbeidast kvart fjerde år.

### Ungdata

Ungdata er ei barn- og ungdomsundersøking for skuleelevar svarar på spørsmål om blant anna korleis dei har det og kva dei driv på med på fritida. Ungdata 2020 blei gjennomført i 5-7.trinn, ungdomskulen og vidaregåande. Stranda kommune hadde god svarprosent og var ei av få kommunar som fekk gjennomført før korona.

### Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Det var utarbeid ei ny rusmiddelpolitisk handlingsplan i 2020.

### Sykkelprosjekt

I 2020 er det saman med Rekkje stutvikling satt i gang et sykkelprosjekt i Stranda kommune. Å utvide sykkeltilbodet i Stranda kommune er viktig for:

- Inkludering og integrering
- Mange barn og unge sluttar på organisert idrett
- Fleire barn og unge eig sykkel, sparkesykkel, skateboard enn fotballsko
- Fleire tilbod for å førebyggje rus, kriminalitet og mobbing

### Diverse anna

- Sunnmøre friluftsråd og Stikk UT!
- Delteke i fleire samarbeidsforum i Møre og Romsdal
- Søkt midlar til ungdomsklubb gjennom Folkehelseprogrammet
- Samarbeida med Hygge for å få på plass ei ungdomsklubb
- Med meir

## Internkontroll og høg etisk standard

### Høg etisk standard

Kommunestyret gjorde i sak KOM 070/15 vedtak om etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Stranda kommune. Retningslinjene pålegg kommunestyret, rådmannen og einingsleiarane å utvise ein leiarskap basert på høg etisk standard.

Det er nedfelt at det skal orienterast om dei etiske retningslinjene ved samlingar for nyttilsette. Alle nyttilsette får i tillegg tilsendt dei til ei kvar tid gjeldande etiske retningslinjer. Det skal orienterast om dei etiske retningslinjene ved opplæring av folkevalde.

### Internkontroll

Etter kommunelova §14-7 d) skal det i årsmeldinga gjerast reie for «tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll og en høy etisk standard i virksomheten».

Stranda kommune har eit heilheitleg kvalitetssystem som gjeld alle tilsette og drifta av kommunen. Kvalitetssystemet er eit viktig verktøy for at kommunen skal oppfylle krav i henhold til kommunelova sine bestemmelsar i kapitel 25 om internkontroll.

Målet med kvalitetssystemet er at alle medarbeidarane skal kunne utføre arbeidsoppgåvene sine i henhold til lover og forskrifter, avtalt nivå, metode, standard og kvalitet.

Kvalitetssystemet Compilo inneheld avviksmodul, varslingsmodul, dokumentbibliotek, ROS modul, GDPR modul og årshjul.

Internkontrollen i kvalitetssystemet sikrar at Stranda kommune planlegg, organiserer, utfører og vedlikeheld sine aktivitetar i samsvar med gjeldande regelverk og mål for verksemda.

Stranda kommune har utforma «Retningslinjer for sakshandsaming av politiske saker og fullført sakshandsaming i Stranda kommune». Desse retningslinjene vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Det er utforma eige delegasjonsreglement for delegasjon av mynde frå rådmannen til kommunalsjefar, stab- / støttefunksjonen og einingsleiarar i Stranda kommune. Delegasjonsreglementet vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Rådmannen har sett ned eit overordna kvalitetsutval i Stranda kommune. Dokument med utforming av mandat, ansvar og oppgåver for kvalitetsutvalet er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll. Det er vidare oppretta kvalitetsgrupper i kvar enkelt eining. Kvalitetsgruppene er samansett av einingsleiar, verneombod og tillitsvald. Kvalitetsgruppene rapporterer til kvalitetsutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Rådmannen har saman med resten av den strategiske leiargruppa i Stranda kommune gjennomført kurs i PLP-metodikk (Prosjekt-Leier-Prosessen) som er ein metode for styring av prosjekt utvikla av Innovasjon Norge. I etterkant av kurset har leiargruppa utforma ei eiga handbok for styring av prosjekt. Handboka er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Stranda kommune nyttar kvalitetssystemet Compilo som er eit system for melding og handsaming av avvik, samt systematisering og deling av informasjon vedkomande reglement, prosedyrar og rutinar. I 2020 var det 318 avvik, 307 lukka og 11 under handsaming.

## Alvorsgrad på avvika

Låg: 104

Middels: 116

Høg: 98

318 er noko lågare enn det som vart rapportert inn i 2019. Det arbeidast kontinuerleg med opplæring av avvik- og kvalitetssystemet Compilo slik at fleire skal kunne rapportere inn avvik.

Stranda kommune tilsette i 2019 ein HMS rådgjevar i 50% stilling kombinert med 50% stilling som folkehelsekoordinator. HMS rådgjevaren er einingsleiarane si støtte i HMS relaterte oppgåver/ problemstillingar. Rådgjevaren er vidare kommunen sin kontaktperson opp mot bedriftshelsetenesta.

Det blei i blant anna utarbeida nye HMT-mål for organisasjonen i 2020. AKAN retningslinjene er ikkje formelt godkjent.

Innkjøp er i Stranda kommune delegert frå kommunestyret til rådmannen. Rådmannen har delegert ansvaret vidare til økonomisjefen, som fungerer som innkjøpsansvarleg i kommunen. Økonomisjefen har utforma ei administrativ prosedyre for korleis anskaffingsprosessar skal gjennomførast i Stranda kommune.

## Likestilling og diskriminering

Kommunelova §14-7, seier følgjande om innhaldet i årsmeldinga:

«Det skal redegjøres for den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling.

Likestillingstiltak som er iverksatt, og tiltak som planlegges iverksatt for å fremme likestillings- og diskrimineringslovens formål om likestilling uavhengig av kjønn, etnisitet, religion, livssyn, funksjonsnedsettelse, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk».

Av 424 tilsette i Stranda kommune er 97 menn og 327 kvinner. Tabell 5 nedanfor syner utviklinga i kjønnsfordeling dei siste tre åra.

Antal tilsette fordelt på kjønn 2017		Antal tilsette fordelt på kjønn 2018		Antal tilsette fordelt på kjønn 2019		Antal tilsette fordelt på kjønn 2020	
Kvinner	319	Kvinner	324	Kvinner	327	Kvinner	327
Menn	99	Menn	94	Menn	97	Menn	97
Totalt	418	Totalt	418	Totalt	424	Totalt	424

Tabell 5: Antal tilsette fordelt på kjønn 2017-2019. Kjelde lønssystemet, visma HRM. Auken i tilsette er knytt til oppretting av avlastningsbustad (Langlobøen) og forsterking ved Ringstad skule.

I 2020 hadde kommuneleiinga 1 mann og 3 kvinner - og Stranda Hamnevesen KF hadde kvinneleg harnesjef og dei to tilsette var menn.

På einingsleiarnivå i kommunen er det 13 kvinner og 3 menn. Ein opplever at det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret går igjen i kommunen; stort sett kvinner i omsorgs- og reinhaldaryrke. Kvinnene overtek og meir i skuleverket/undervisning spesielt på barnetrinnet (1.- 7. kl.), medan menn er overrepresentert i tekniske stillingar.

Kvinner har i større grad enn menn deltidsstillingar. Ein stor del av deltidsarbeidet er frivillig som følge av ansvar for små born. I 2020 har ein jobba mykje med heiltid/ deltidsproblematikken. Det er utarbeidd interne retningsliner for å redusere delen av uønskt deltid i Stranda kommune. Retningslinene vart vedtatt våren 2020, og forpliktar både leiarar og tillitsvalde på alle nivå. Likevel opplever ein eit kontinuerleg fokus på å redusere delen av ufrivillig deltid. Når stillingar vert ledige søker ein så langt drifta tillet det å auke opp stillingsstorleiken for dei som ønskjer det. I tillegg vurderer den einskilde einingsleiar jamleg eigne stillingsressursar og løysningar innanfor eiga eining. Det vert og sett på alternative løysningar på tvers av einingar og fagområde.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik fordelt på kjønn for åra 2017, 2018, 2019 er gitt i tabell 6 nedanfor. Ein har ikkje tal for året 2020.

Gjennomsnittleg stillingsstorleik per 2017 i Stranda kommune fordelt på kjønn		Gjennomsnittleg stillingsstorleik per 2018 i Stranda kommune fordelt på kjønn		Gjennomsnittleg stillingsstorleik per 2019 i Stranda kommune fordelt på kjønn	
Kvinner	80 %	Kvinner	81 %	Kvinner	82 %
Menn	82 %	Menn	82 %	Menn	79 %
Alle	80 %	Alle	82%	Alle	81 %

Tabell: Gjennomsnittleg stillingsstorleik. Kjelde: Kommunenes arbeidgivarmonitor 2017, 2018 og 2019

I rekrutteringsprosessar er det eit klart ønskje at fleire menn søker til stillingar innan helse/omsorg og barnehage, og tilsvarande at kvinner i større grad søker seg til tekniske stillingar. I røynda handlar det likevel om å få kvalifiserte søkerar, i betydinga både formelt kvalifiserte og personleg eigna til jobben. Kommunen er sjeldan i ein situasjon der ein kan velje det kjønn som er underrepresentert. Om ein i stillingsannonsa skal oppmode søkerar frå eitt kjønn særskilt til å søkje vert drøfta med einingsleiar, personalansvarleg og tillitsvalde før utlysing av stilling.

Stranda kommune har vidare gjennomført følgjande tiltak for å fremje likestilling:

- Like moglegheiter til etter- / vidareutdanning.
- Seniortiltak: Tilrettelegging av oppgåver og arbeidstid, naudsynt kompetanseheving, ekstra fridagar eller tillegg i lønn.
- Tilrettelegging for personar med nedsett funksjonsevne eller som av andre årsaker har behov for personleg tilpassing.
- Rutinar mot mobbing og trakassering.
- Rutinar for konflikthandtering.
- Retningsliner for uønskt deltid.
- Tilsette i foreldrepermisjon og langtids sjukemeldte vert vurdert på lik linje med andre tilsette i lokale forhandlingar.
- Det vert gitt særskilte tillegg om ein oppdagur urimeleg skeivskap i løn.

## Sjukefråvær

Stranda kommune har ikkje eit eige likestillingsutval. Saker innanfor området vert handsama av det partsamansette utvalet (PAU).

Stranda kommune hadde i 2020 eit samla sjukefråvær på 8,3%. Dette er på nivå med 2019.

Fleire einingar har gjentakande lågt fråvær (under 5%) blant anna barnehagane. Høgt ut kjem samtlege einingar i helse og omsorgssektoren. Tal frå KS visar at sjukefråværet på landsbasis er høgare i denne sektoren.

## Politisk styring

Under følger eit kort oversyn over tal på behandla saker i 2020 samanlikna med tidlegare år.

### Politiske utval

Utval	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kommunestyret	151	130	141	118	125	143	150
Kontrollutvalet	24	22	20	15	25	22	21
Formannskapet	140	130	132	130	143	121	151
Miljø og kommunalteknikk	103	92	75	73	83	45	63
Fast utval for plansaker	108	104	99	97	117	102	90
Helse, oppvekst og kulturutvalet	63	55	90	50	54	60	83
Partssamansett utval	2	0	12	6	3	3	0
Forhandlingsutvalet	11	9	12	8	7	12	7
Utval for viltforvaltning	19	21	12	28	38	11	30
Eldrerådet	22	19	18	15	24	24	20
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	18	24	15	14	22	22	18
Ungdomsrådet	11	14	10	17	14	15	21

### Administrative utval:

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Arbeidsmiljøutvalet	41	42	31	57	64	76	56
Administrativt tilsettingsutval	60	75	65	83	108	94	86
Administrativt løns- og forhandlingsutval	24	21	11	13	35	30	14